


Sterk, spenstig og klar!

Folkebibliotekutvikling i Hordaland 2014-2017

SLUTTRAPPORT



1. Samandrag	2
2. resultat av prosjektet	3
Delprosjekt 1: Modellbibliotekprogrammet	3
Delprosjekt 2: Auke medvit og kunnskap om samlings- og rom-utvikling, digital kompetanse og arrangørkompetanse hjå alle tilsette i folkebiblioteka	6
Delprosjekt 3: Auke tal på besøk og arrangement	7
Delprosjekt 4: Auke digital formidling og innhaldsproduksjon.	8
Delprosjekt 5: Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag	10
Vedlegg 1: Modellbibliotekprogrammet	11
Vedlegg 2: Kompetanseheving	14
Vedlegg 3: Turnear organisert av fylkesbiblioteket	15
Vedlegg 4: Statistikk	17

1. SAMANDRAG

Sterk, spenstig og klar er ambisiøst og stort prosjekt. Det er forankra i *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025*, vedtatt i Fylkestinget hausten 2014. Gjennomføring av prosjektet har vore integrert i fylkesbiblioteket sin årsplanar og budsjett. Prosjektet har strekt seg frå våren 2014 til seinhaustes 2017. Eit par tiltak vil først stå ferdige i 2018.

Prosjektet byggjer på prosjektet *Biblioteklandskap i endring*, som vart gjennomført i 2011-2013. Då etablerte fylkesbiblioteket og 32 kommunar, interkommunale biblioteksamarbeid i fem regionar. Prosjektet gjorde biblioteka betre rusta for framtida og i stand til å yte betre bibliotektenester. Fylkesbiblioteket fekk ei plattform for å nå ut til alle biblioteka i fylket, og grunnlag var lagt for å ta fatt på eit nytt, omfattande prosjekt.

Hovudmålet for prosjekt *Sterk, spenstig og klar* er at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Partnerskap mellom dei regionale samarbeida og fylkesbiblioteket skal styrkast i prosjektet.

I tillegg til å arbeide med konkrete strategiar for å ruste biblioteka til å oppfylle den nye føremålsparagrafen i Biblioteklova, har fylkesbiblioteket prøvd ut arbeidsmetodar og tenester til biblioteka med utgangspunkt i rolla som regional utviklingsaktør.

Målgruppe

Målgruppa for prosjektet har vore alle dei 33 kommunale folkebiblioteka i Hordaland, med særskilt fokus på dei fem samarbeidsregionane og biblioteka utanom Bergen.

Budsjett

Hordaland fylkesbibliotek fekk i 2014, kr 600 000 i utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket til det første året av prosjektet. Tilsvarande løyving vart gitt for 2015 og 2016. I tillegg har det blitt overført restmidlar frå prosjekt *Biblioteklandskap i endring* og *Digital debatt* på til saman kr 140 313. I tillegg har prosjektet hatt inntekter frå fylkeskommunen, eksterne samarbeidspartnarar og kursinntekter. Netto utgifter i prosjektet er kr 2.138.475. Restmidlane på kr 318.705 er disponert i Modellbibliotekprogrammet.

Måloppnåing

Prosjektet *Sterk, spenstig og klar* har gjort folkebiblioteka meir synlege lokalt, og det har styrka dialogen mellom kommunane og fylkesbiblioteket – noko som er positivt for vidare samarbeid om utvikling av bibliotektenestene i fylket. Folkebiblioteka er styrka som møtestader og debattarenaer både fysisk og digitalt, og dei bibliotektilsette har fått auka kompetanse. Dette gjer folkebiblioteka i Hordaland betre i stand til å oppfylle det nye formålet i Lov om folkebibliotek.

Det er etablert nye samarbeidsstrukturar, nye formidlingsarenaer og kontakt med nye brukargrupper. Utstrakt samarbeid om arrangement er etablert både i biblioteksamarbeida, mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket og med andre organisasjonar og utøvarar. Samarbeid bidrar til å profesjonalisere og forenkle prosessar i arbeidet i biblioteka som aktive formidlarar, møtestad og debattarena. Talet på arrangement i folkebiblioteka i Hordaland er auka 14% meir enn i resten av landet i perioden 2014 – 2016.

15 bibliotek/bibliotekfilialar har fått eller er i ferd med å fornye biblioteklokale gjennom prosjektet. Fornya, tilrettelagte og meiropane bibliotek med oppdaterte samlingar har ført til at det blir gjennomført fleire arrangement, meir besøk og meir utlån i desse biblioteka, enn i resten av biblioteka i Hordaland, som igjen profilerer biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag. Publikum og brukarar har tatt i bruk folkebiblioteka sine nye tenester. Betring i biblioteka si evne til å oppfylle den nye formålsparagrafen heng saman med tiltak gjennomført i prosjekt *Sterk, spenstig og klar*, men er også summen av alt som er gjort nasjonalt, regionalt og lokalt sidan endringa i biblioteklova i 2014.

Vidareføring

Prosjektet har vore med på å endre arbeidsmåten i fylkesbiblioteket. Fylkeskommunen har vedtatt å halde fram med Modellbibliotekprogrammet. Fylkesbiblioteket har tatt inn organisering og koordinering av turnear til biblioteka, som del av sitt arbeid. Det digitale bibliotekrommet blir vidare utvikla i det toårige prosjektet *Kjelda*, som har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket.

Prosjektmidlane frå Nasjonalbiblioteket, saman med midlar knytt til gjennomføring av Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, har ført til politisk merksemd og til at fylkeskommunen har forsterka si rolle som

samfunnsutviklar på bibliotekområdet. I november 2017 vedtok fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane å søkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet om forsøk med delegering av mynde for forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet.

2. RESULTAT AV PROSJEKTET

Hovudmål:

Innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Partnerskap mellom dei regionale samarbeida og fylkesbiblioteket skal styrkast i prosjektet.

Strategiane blir gjennomført i fire delprosjekt

1. Utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek – eit i kvar samarbeidsregion
2. Auke medvit og kunnskap om samlings- og romutvikling, digital kompetanse og arrangørkompetanse hjå alle tilsette i folkebiblioteka.
3. Auke tal på besøk og arrangement i folkebiblioteka.
4. Auke digital formidling og innhaldsproduksjon.
5. Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag.

Vurdering av om ein har nådd målsettinga for prosjektet, baserer seg på samandrag av eit omfattande gruppearbeid, som vart gjennomført på Bibliotekdagane i Ulvik og ei spørjeundersøking som vart sendt til biblioteka 31.10.2017, med svarfrist 10. november. I tillegg kjem bibliotekstatistikken for 2013 – 2017, med fokus på arrangement, besøk, bokbestand og utlån.

Delprosjekt 1: Modellbibliotekprogrammet

Mål: Prosjektet skal utvikle minst eitt modellbibliotek i kvar samarbeidsregion. I alle modellbiblioteka skal samlingane aktualiserast, og biblioteklokala skal leggjast til rette for å kunne fungere som litteraturhus. Modellbiblioteka skal avspegle ulike føresetnader i kommunane.

15 bibliotek i 14 prosjekt er med i programmet 9 bibliotek er nyopna 2015 - 2017 3 bibliotek blir nye i 2018 2 bibliotek har utsett prosjekta sine

Til grunn for modellbibliotekprogrammet ligg behovet for å utvikle og synleggjere nye tenester og samarbeidsformer, byggje ned samlingane, og for å vere førebilete for andre bibliotek.

Programmet er eit spleiselag mellom Nasjonalbiblioteket, fylkeskommunen og kommunane. Midlar frå prosjektet *Sterk, spenstig og klar* har blitt nytta til interiørarkitektar og kr 200 000 til to prosjekt. Fylkeskommunen har løyvd kr 1,1 mill. Det er ein føresetnad at kommunane bidreg med minimum kr 100 000 til inventar og innreiing. Dette fører til at fylkespolitikarar og administrasjon og politikarar i kommunane må ha bibliotektenesta på saklista og ta stilling til fornying av biblioteket.

I prosjekta tar fylkesbiblioteket kontakt med interiørarkitekt, som vurderer lokala og teiknar innreiingsforslag og deltek i prosjektgrupper, rettleiar arbeidet og går gjennom boksamlingane. Nokre kommunar har fått lønsmidlar til arbeid med å «brikke» bøker eller arbeidskraft frå fylkesbiblioteket.

Vedlegg 1 er oversyn over prosjekta i modellbibliotekprogrammet, kva interiørarkitekt som er nytta, når biblioteket vart opna, eller planlegg opning.

Gjennomføring av programmet

For å kome raskt i gang, vart hovudbiblioteka i Lindås og Meland i 2014 plukka ut til å vere modellbibliotek på grunnlag av eit planlagt prosjekt som er kalla *Praksisfellenskap*. Prosjektet har som mål å betre kvaliteten på bibliotektilbodet i dei to kommunane ved å lage to spesialiserte bibliotek som til saman utgjer eit heile, og ved å gjere biblioteka tilgjengelege for publikum utanom bemanna opningstid. Biblioteka som har fått namnet *Strilabiblioteket*, har eit godt utgangspunkt når kommunane skal slå seg saman med Radøy kommune til den nye kommunen Alver i 2020.

Frå 2015 vart midlane utlyst med atterhald om budsjettvedtak i fylkeskommunen. Søknadene vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Det kom søknadar frå fire kommunar i 2015: Hovudbiblioteka i

Sund, Granvin, Fitjar og Langevåg filial på Bømlo. Sund, Granvin og Bømlo fekk løyving frå fylkeskommunen og kom med i modellbibliotekprogrammet. I Granvin utløyste dette offensiv nytenking, og biblioteket blei del av eit kulturbygg kalla *Kulturbanken*.

I 2016 var det godkjente søknader frå fem kommunar: Eidfjord, Fedje, Fitjar, Fjell og Os. Fylkeskommunale midlar vart tildelt Eidfjord, Fedje og Fitjar. Os folkebibliotek har både kompetanse og lokale som gjer dei i stand til å oppfylle krava i biblioteklova. Dei vart difor ikkje prioritert, men fekk tilskot til interiørarkitekt.

I 2017 kom det søknadar frå seks kommunar: Austevoll, Fusa, Radøy, Samnanger, Stord og Tysnes. Alle søknadane var gode og relevante, og det vart løyvd midlar til alle prosjekta utanom Austevoll. Tre av løyvingane gjekk over fylkeskommunen sitt budsjett, medan to løyvingar gjekk frå prosjekt *Sterk, spenstig og klar*. Det vart funne rom i prosjektet til å gi støtte til interiørarkitekt til Austevoll. Hovudbiblioteket i Bekkjarvik var i små lokale i eit kjøpesenter. Etter initiativ frå sentereigar kunne lokalet utvidast monaleg, og kommunestyret vedtok 1,5 mill. til inventar i samband med ombygging i desember 2017. Prosessen gjekk svært raskt, og biblioteket vart nyopna 23.mars 2018.

Stord og Tysnes er planlagt å bli ferdige i 2018. I Radøy kommune vart det i samband med kommunesamanslåing, diskusjon om ny lokalisering av biblioteket i rådhuset. Fylkesbiblioteket har deltatt i møte og gitt innspel i prosessen. Prosjektet er utsett til avgjerd er fatta. Eidfjord har fått teikningar frå interiørarkitekt, men prosessen har stoppa opp og det er uklart om prosjektet blir gjennomført.

Svar i spørjeundersøkinga frå november 2017:

Alle 14 prosjekta i Modellbibliotekprogrammet svarte på spørjeundersøkinga. 10 bibliotek er einige eller svært einige i at biblioteka har fått auka politisk merksemd i samband med prosjektet. Like mange meiner biblioteket har fått nye lånarar etter endringane og at samlingane har blitt meir relevante enn tidlegare.

Fleire svarar at utbetring av biblioteklokalet ikkje enno er gjennomført i deira bibliotek, og derfor kan ein ikkje enno måle endringar. I tillegg svarar fleire at dette ikkje er målbart, noko som truleg heng saman med at biblioteket er relativt nyopna etter endringane.

Gjer opprusting av biblioteket ein forskjell?

For dei modellbiblioteka som har vore opne lengst (Sund, Granvin, Lindås og Meland) slår endringane som har blitt gjort, ut på statistikken. Dei mest radikale, fysiske endringane har skjedd i Sund, Granvin og Austevoll. Prosjektet med samordning av biblioteka i Meland og Lindås, er eit dristig eksperiment der det eine biblioteket hovudsakleg satsar på skjønnlitteratur og det andre på faglitteratur.

I vedlegg 4 har vi samla statistikk om arrangement, besøk, bokbestand og utlån og samanlikna utviklinga i fire modellbibliotek med utvikling i resten av fylket i perioden 2013 – 2017.

Arrangement og deltakarar på arrangement (tabell 1 og 2)

Folkebiblioteka i fylket (utan Bergen og dei fire modellbiblioteka) har hatt auke i arrangement på 42% i perioden 2013 - 2017. Dei to siste åra er det skilje mellom eigne arrangement og eksterne arrangement i statistikkrapporteringa. Dersom ein tek med eksterne arrangement, er auka på 74%. Tal på deltakarar har auka med 28% på eigne arrangement og med 50%, dersom ein tek med eksterne arrangement. Modellbiblioteka ser ut til å ha nådd arrangementstoppen i 2016, medan resten av fylket nådde toppen i 2015.

Modellbiblioteka i Sund og Granvin har hatt større auke både i tal på arrangement og på deltakarar enn biblioteka i resten av fylke. Statistikken dokumenterer at utvikling av Kulturbanken i Granvin i samarbeid med politikarar, lag og organisasjonar i, har gitt ein kommune med ca. 1000 innbyggjarar eit bibliotek som fungerer både som arena for eigne og andre sine arrangement. I Sund har ein dubla talet på eigne arrangement og auka med ein og ein halv gang, om ein tek med eksterne arrangement.

Lindås og Meland bibliotek har brukt mykje ressursar på utvikling av det felles konseptet «Strilabiblioteket» dei siste åra. Det inneber m.a. ein felles arrangementskalender. Det kan vere ei forklåring på at det har vore mindre auke i talet på arrangement i desse kommunane enn i resten av fylket. Lindås som har spissa profilen og satsar på faglitteratur og arrangement som formidlar kunnskap, har fleire arrangement, men færre deltakarar på arrangementa i 2017 enn i 2013. Meland ligg om lag på snittet i fylket, men omlag 40% av arrangementa i 2017 var eksterne. I resten av fylket er ca ¼ del av arrangementa i samarbeid med eksterne.

Besøk (tabell 4, figur 1)

Besøk i biblioteka i Hordaland, utan dei fire modellbiblioteka, Bergen og Tysnes, gjekk ned med 3% i perioden 2014 – 2017. Det same gjeld Lindås. I Meland auka besøket med 54%, i Sund med 60% og i Granvin auka besøket 73 %. Frå 2016 til 2017 gjekk besøket i resten av fylket ned med 10%, medan det i Sund auka med 17% og i Granvin med 25%. Systemet for teljing av besøkande fungerte ikkje i Lindås og Meland i 2017. Det er difor ikkje mogleg å sjå ein tendensen her. I oversynet i tabell 3 er besøket for desse kommunane stipulert til å ligge på same nivå som i 2016. Utviklinga i besøket kjem fram i figur 1.

Bokbestand og utlån (tabell 6, figur 2)

Aktualisering av samlingane har vore ein viktig del av modellbibliotekprogrammet. Gjennom rådgjeving, kompetanseheving og praktisk hjelp frå fylkesbiblioteket, har det blitt brukt mykje ressursar på å hjelpe biblioteka til å få aktuelle samlingar og meir plass til å skape arrangement og møteplassar i bibliotekrommet.

Folkebiblioteka i Sund og Granvin har fått ein kraftig reduksjon av bokstammen. Lindås reduserte samlinga si monaleg i 2015, men har ikkje greidd å halde 0-vekst. Meland har bygd ned samlingane mindre enn resten av biblioteka i Hordaland (utan Bergen og Tysnes).

Vi trudde at reduksjon av boksamlingane ville føre til auka utlån, fordi lånarane ville få auge på aktuell og relevant litteratur i større grad, når ein minskar samlingane og fekk meir plass til fronting av bøker og utstillingar. Statistikken kan tyde på at dette stemmer. Lindås, Meland og Granvin har auka utlånet sidan 2013 med mellom 5 og 14%, medan det i resten av fylket har vore ein nedgang på 2%. Den store nedgangen i Sund skuldast mest sannsynleg ei omlegging av utlånspraksis til skular og barnehagar.

Måloppnåing

Det fysiske bibliotekrommet er ein port for ein ny type bruk, og rommet er med på å legitimere biblioteka i høve deira nye formål. Modellbiblioteka har fått rom som innbyr til formelle og uformelle møte og ulike former for samvær mellom brukarane. Kvar bibliotek som er blitt nytt gjennom prosjektet, er mykje betre tilrettelagt for å vere arena for inkludering, deltaking, samtale og debatt.

Resultatet i den enkelte kommunen har vore ulikt. Nokre bibliotek har fått nye, flotte lokale med nytt inventar, blitt del av tettstadsutvikling og fått ny rolle som møteplass i lokalsamfunnet. I andre bibliotek har det skjedd fysiske endringar i sjølve rommet, eller midlane har gått til nye hyller. Nokre har blitt universelt tilrettelagde, andre sikrar framtida si som veldreven filial i ein kommande storkommune. Dei fleste er eller blir meiroopne. Alle har fått oppdaterte og aktuelle boksamlingar, optimal bruk av rommet, nye tenester og samarbeids-partnare. Det er nytta ulike interiørkonsulentar og fylkesbiblioteket har auka sin kompetanse på bibliotekinnreiing, samlingsutvikling og kommunale prosessar.

Planen var å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek – eit i kvar samarbeidsregion. Grunnen til at det vart 14 prosjekt, var at modellbibliotekprogrammet grip inn i fleire av strategiane i prosjekt *Sterk, spenstig og klar*. Bibliotekrommet vart sett på agendaen i prosjektet, noko som har skapa auka forståing for korleis dette heng saman med biblioteket sitt nye samfunnsoppdrag som møtestad og debattarena. Auka medvit og kunnskap om moderne bibliotek hjå dei bibliotektilsette, gav stor interesse for deltaking. Eit spleiselag mellom kommune, fylke og stat gjorde det økonomisk mogleg at fleire fekk tilskot.

Vidareføring:

Ved å involvere politisk og administrativ leiing, der kvar enkelt kommune har måtte ta stilling til fornying av biblioteket, har ein sett fokus på bibliotektenestene. Spleiselaget mellom stat, fylkeskommune og kommune har inspirert og vore eit viktig insitament for endringar. Interesse for å søkje om å bli modellbibliotek auka i prosjektperioden. Dialog og samarbeid mellom fylkesbiblioteket og dei ein-skilde kommunane har lagt grunnlag for vidare samarbeid, basert på felles medvit om lokale føresetnader og tilhøve.

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 ligg det inne kr 300 000 til å halde fram med Modellbibliotekprogrammet. Midlane er lyst ut, og det er kom fire søknader, som alle var gode prosjekt som vil gje lokalbefolkninga tilgang til betre og meir moderne bibliotektenester enn dei har i dag. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyvde på møte i mars 2018, midlar til alle prosjekta. Masfjorden og Sveio kommune fekk kr 100 000 til utvikling av biblioteklokale og interiørarkitektenester. Voss kommune fekk berre støtte til interiørarkitekt.

Restmidlane i prosjektet *Sterk, spenstig og klar* er sett av på fond og vil bli nytta til Modellbibliotekprogrammet.

Delprosjekt 2: Auke medvit og kunnskap om samlings- og rom-utvikling, digital kompetanse og arrangørkompetanse hjå alle tilsette i folkebiblioteka.

Mål: Utnytte dei fem regionale biblioteksamarbeida betre til kompetanseutveksling og kunnskapsdeling. Bibliotektilsette i fylket skal bli betre i stand til å drive aktiv formidling. Gjennom kurs, samlingar og individuell rettleiing vil dei få tilført kompetanse innan samlingsutvikling, rom-utvikling, arrangørkompetanse og digital kompetanse. Ein vil ta i bruk arbeidsmetodar som skal frigjere potensialet i biblioteksamarbeida som praksisfellesskap, slik at kunnskap og kompetanse blir delt på best mogleg måte i den enkelte region. Erfaringane frå utvikling av modellbiblioteka skal vere tema på samlingar både i biblioteksamarbeida og for heile fylket.

Kompetanseheving

Fylkeskommunen har eit lovfesta ansvar for å arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Gjennomføring av forskjellige typar kurs og konferansar for ulike målgrupper er ei prioritert oppgåve på fylkesbiblioteket.

I prosjektet har det vore fokus på å auke kompetansen på aktiv formidling og det å lage arrangement i biblioteka. Det har vore 665 deltakarar på ulike kompetansehevande tiltak relatert til måla i prosjektet. Oversyn over tiltaka finst i vedlegg 2: Kompetanseheving.

Akustikkmåling

Våren 2016 gjekk det ut tilbod til biblioteka om å måle akustikken der dei har arrangement og framsyningar. Siktemålet med målinga var å finne ut kor godt eigna lokala er til å framføre tale og musikk. Ein ekspert frå Hordaland musikkråd reiset rundt og undersøkt akustikk i 10 bibliotek: Bergen (fleire lokale), Askøy, Fjell, Voss, Lindås, Meland og Samnanger. I etterkant er det laga rapportar med status og framlegg til forbetringar

Spørjeundersøkinga frå november 2018 og evaluering på Bibliotekdagane

Ei overvekt av dei som har respondert på spørjeundersøkinga opplever at dei har fått betre arrangørkompetanse (96%), er blitt betre på aktiv formidling (65%) og fått betre kompetanse på samlingsutvikling (71%). Når det gjeld kompetanse på rom-utvikling, er dette ikkje like tilfredsstillande (46%).

På evalueringa i Ulvik vart det sagt at det var nyttig med praktisk opplæring i lyd og kurs i arrangement, som var godt tilpassa folkebiblioteka sitt nivå. Sjølv om 96% meiner ein har fått betre arrangørkompetanse, kom det fram ønskje om endå meir kompetanse på dette området. Ein ønskjer enkle praktiske kurs om å leie arrangement, handtering av teknisk utstyr og leiing av debattar og bokbad.

Måloppnåing

Spørjeundersøkinga viser at dei bibliotektilsette meiner at ein dei siste tre åra har fått auka kompetanse på aktiv formidling og samlingsutvikling. Det manglar enno kunnskap om korleis ein skal utvikle bibliotekrommet og når det gjeld aktiv formidling meiner ein av respondentane at det er mykje som står att. Ein treng stadig kompetanseheving på dette området.

Biblioteksamarbeida blomstrar, også når det gjeld kunnskapsdeling. På evalueringa i Ulvik vart det sagt at møta i dei regionale samarbeida er viktige delingsfora, og at ein blir aleine utan eit slikt samarbeid. Biblioteka har eit utbreidd samarbeid om arrangement, der kvart bibliotek får ansvar for eit arrangement som turnerar i dei andre kommunane. Å fordele arrangementsansvar fungerer godt, både med tanke på variert program, trong økonomi og samarbeid. Fire av dei fem biblioteksamarbeida i fylket gjer dette i dag.

Vidareføring

Mange av kompetansefelta i prosjektet vil vere naturleg å vidareføre som kompetansehevande tiltak i regi av fylkesbiblioteket. I spørjeundersøkinga var det spørsmål om kor nøgd ein er med fylkesbiblioteket sitt bidrag til utvikling på dei einskilde felta. Svara gir konkrete føringar for kva ein skal halde fram med og kva ein må gjere meir av når kompetansehevande tiltak blir planlagt. T.d. er respondentane mest nøgd med fylkesbiblioteket sitt bidrag retta mot aktiv formidling og minst nøgd med innsatsen på rom-utvikling.

Delprosjekt 3: Auke tal på besøk og arrangement

Mål: Alle biblioteka skal profesjonaliserast som arrangørar og ein skal etablere samarbeid om produksjonar og dele erfaringar om samarbeid med frivillige organisasjonar. Prosjektet skal prøve ut fylkesbiblioteket si rolle som produsent, m.a. samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Erfaringar som er gjort skal systematiserast, slik at det kjem alle kommunane til gode.

Arrangement

Fylkesbiblioteket har ikkje tidlegare gjort ein systematisk innsats for å tilby biblioteka arrangement. I prosjekt *Sterk, spenstig og klar* har det blitt prøvd ulike strategiar for å kunne hjelpe biblioteka med å auke talet på arrangement:

1. Utlyse program som blir organisert av utøvar i samarbeid med biblioteka
2. Utvikle/produsere arrangement i samarbeid med andre
3. Organisere turnear i samarbeid med Hordaland folkeakademi

Det har vore ei rik turne- og arrangementsverksemd i prosjektet. Fylkesbiblioteket har gitt tilbod om minst 148 arrangement frå 2014 – 2017/18. Sjå vedlegg 3: Turnear organisert av fylkesbiblioteket, for eit oversyn over aktivitetane.

Statistikk

Tabell 3 i vedlegg 4 viser at det har vore ei auke på 43% i talet på arrangement i folkebiblioteka i Hordaland (utan Bergen) frå 2013 til 2017. Auken frå 2013 – 2016, som var eit topp-år, var på heile 56%. I resten av landet var auken på 42%.

Tal på deltakarar på arrangementa auka med 43 % frå 2013 til 2016. Auken er reell og stor, med eit atterhald for at endringar i korleis biblioteka rapporterer arrangementsverksemd kan slå ut på auken. I heile landet auka tal på deltakarar med 36% i same periode.

Talet på arrangement i biblioteka i Hordaland utanom Bergen har gått frå 640 i 2013 til 1217 i 2016, og ned att til 1121 i 2017. Auke i frammøtte på arrangementa har gått frå vel 20 000 i 2013 til vel 32 000 i 2016. I 2017 gjekk det noko tilbake til vel 30 000 frammøtte. Det er likevel ein auke på nesten 30% på fem år.

Tabell 5 i vedlegg 4 viser at besøket i folkebiblioteka (utan Bergen og Tysnes) har hatt ein liten nedgang frå 2014 til 2017, medan det var auke i besøket frå 2014 – 2016 på 9%. Nedgangen frå 2016 til 2017 var på 8,5%. Bergen Off. Bibliotek auka sitt besøk med 20 % frå 2014 til 2017.

Statistikkføringa endra seg i 2016, då ein skilte mellom eigne arrangement og arrangement der eksterne aktørar er ansvarlege for innhaldet. Både i 2016 og 2017 var omlag 19 % av arrangementa eksterne.

Auken i aktivitet skuldast fleire faktorar: Biblioteka har sjølve vore arrangørar. Dei einskilde bibliotek-samarbeida har samarbeidd om arrangement og fylkesbiblioteket har sendt ut tilbod. Arrangementa har vore finansiert av midlar frå ulike kjelder i fylkeskommunen, arenautviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket, frå dei einskilde biblioteka og frå prosjekt *Sterk spenstig og klar*.

Spørjeundersøkinga frå november 2018 og evaluering på Bibliotekdagane

Spørjeundersøkinga viser at 91% av respondentane har motteke turne-arrangement i regi av fylkesbiblioteket. Alle er nøgde eller svært nøgde med kvaliteten på arrangementet. 95% er nøgde eller svært nøgde med tilrettelegging og logistikk. Alle meiner det er viktig eller svært viktig at slike arrangement får økonomisk støtte frå fylkesbiblioteket.

Evaluering av dette målet vart også gjort på Bibliotekdagane i Hordaland i 2017. I fem grupper deltok i alt 31 bibliotektilsette. Av desse var 22 biblioteksjefar frå 25 kommunar.

På spørsmål om kva tiltak frå fylkesbiblioteket som har fungert best og kva ein skal gjere meir/mindre av var tilbakemeldingane:

- Fiks ferdige turnear/arrangement er populære, men fylkesbiblioteket må vere tidleg ute med tilbodet.
- Positivt at ein har etablert samarbeid med Folkeakademiet.
- Forfattarbesøk: 'Breie' arrangement fungerer betre enn 'smale' (lokale eller regionale forfattarbesøk), som ein ordnar lettare sjølv. Informasjon om forfattarar som vil på turne i Hordaland, er bra.
- Ønsker «turné» med forskarar frå UiB eller Høgskulen.

- Ønskjer både forfattarar, bokbadarar og debatt.
- Ønskjer mal for foldar, med informasjon om felles tenester og plass til lokal informasjon.
- Ønskjer heil eller delvis sponing av turnear, for eksempel reisekostnader.
- Ikkje alle har behov for utstillingar, fordi dei slit med å finne passende plass i bibliotekrommet. Fleire meiner at ferdige utstillingar fungerer bra og vil ha meir av det.

Måloppnåing

Det er ein målsetting i den Nasjonal bibliotekstrategien at det skal bli fleire arrangement i folkebiblioteka, og arenautviklingsmidlane, som Nasjonalbiblioteket har lyst ut har vore retta mot dette. Hordaland har søkt og fått ein relativt stor del av desse midlane. Dette viser også att i den nasjonale bibliotekstatistikken. Talet på arrangement i folkebiblioteka i Hordaland er auka 14% meir enn i resten av landet i perioden 2014 – 2016.

I prosjektet er det etablert nye samarbeidsstrukturar, nye formidlingsarenaer og kontakt med nye brukargrupper. Utstrakt samarbeid om arrangement er etablert både i biblioteksamarbeida, mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket og med andre organisasjonar og utøvarar. Samarbeid bidrar til å profesjonalisere og forenkle prosessar i arbeidet i biblioteka som aktive formidlarar, møtestad og debattarena.

Prosjektet har styrka tillit, samarbeid og partnerskap mellom fylkesbiblioteket og dei regionale biblioteksamarbeida. Biblioteksamarbeida arbeider godt med å arrangere felles turnear i sine område. Mange av biblioteka har også tatt imot tilbod om arrangement i regi av fylkesbiblioteket.

Fylkesbiblioteket har tilbydd arrangement, med ulik grad av involvering i finansiering og logistikk. Folkebiblioteka er nøgde både med kvalitet (100%), tilrettelegging og logistikk (95%), og dei meiner det er viktig at slike arrangement får økonomisk støtte frå fylkesbiblioteket (100%). Samarbeid med Folkeakademiet i Hordaland har blitt svært verdifult og bidreg til at talet på arrangement på biblioteka i fylket har auka.

Vidareføring

Etablerte samarbeidsstrukturar om arrangement vil bli vidareført, både i dei einskilde biblioteksamarbeida, i fylkesbiblioteket og i samarbeid med Folkeakademiet. Erfaringar vil kunne vidareførast i meir utstrakte samarbeid, både mellom biblioteka og med andre organisasjonar og institusjonar.

Samarbeidet med Folkeakademiet er vidareført ved at fylkesbiblioteket hausten 2017 tilbyr fem ulike program retta mot ulike målgrupper og med ulik form og innhald. For to av programma er det påmelding til utøvarane, medan det for dei andre tre programma er påmelding til fylkesbiblioteket, som organiserer turneane. Turneplanane vart laga før jul, slik at biblioteka får dei inn i vårprogramma sine.

Delprosjekt 4: Auke digital formidling og innhaldsproduksjon.

Mål: Prosjektet skal byggje vidare på dei tekniske plattformene og kompetansen til dei bibliotektilsette for å drive meir aktiv digital formidling, innhaldsproduksjon og marknadsføring. Det skal vurderast differensierte samlingar i samband med regionalt samarbeid, og det skal arbeidast for tilgang til gode digitale ressursar og e-bøker gjennom konsortium-avtalar.

I prosjektet skal bibliotektilboda formidlas på nye måtar, og det skal utviklast innhald for ulike tema som alle kan dele, basert på eksisterande nettressursar (lokalt, nasjonalt og internasjonalt) og delingsprinsipp som ein har brukt t.d. i Webløft-prosjektet i Buskerud.

Biblioteknettsider

Prosjektet har arbeidd vidare med utvikling av biblioteknettsider med grunnlag i prosjekt *Biblioteklandskap i endring*, i tråd med regionale samarbeid og initiativ frå kommunane.

1. I august 2014 lanserte dei fire biblioteka i vest (Askøy, Fjell, Sund og Øygarden) sin nye felles nettstad med vekt på litteraturformidling og leseinspirasjon.
2. Hausten 2014 arbeidde fylkesbiblioteket med nye biblioteknettstader saman med og for kommunane Os, Vaksdal og Voss. Dei deler struktur utan felles side. Desse blir laga i Wordpress i eit samarbeid med Mediebruket i Førde, og dei vart utvikla som mal for nye biblioteknettstadar.
3. I 2015 vart nasjonale bibliotektenester, som bokanbefalingar, e-boksøk, kultursøk og katalogsøk i BIBLIOFIL, integrert i nettstadmalen. I samband med dette vart det etablert samarbeid med Webløft-prosjektet i Buskerud.

4. I 2016 vart biblioteknettstadane utvikla vidare etter initiativ frå kommunane. 1. halvår utvikla vi nettstader i Wordpress for biblioteka i Fitjar, Tysnes, Stord, Austevoll, Kvinnherad, Bømlo, Samnanger, Sveio og Etne. Fusa fekk nye Webløft-sider, utan at fylkesbiblioteket var særleg involvert i arbeidet.
5. Fylkesbiblioteket utvikla eit Wordpress-innstikk, som hentar ut bokanbefalingar publisert på Deichman.no. Det er tatt i bruk av mange Webløft-bibliotek.

E-bøker og andre elektroniske ressursar

Hordaland har eit politisk vedtak i fylkesutvalet frå april 2013 om at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikre innbyggerane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Fylkesbiblioteket har etablert eit konsortium for e-bøker for folkebiblioteka (utanom Bergen) og dei vidaregåande skulebiblioteka i Hordaland. Konsortiet består av ei felles teknisk utlånsløysing og ei felles samling av e-bøker. E-lån Hordaland vart lansert 21. januar 2014.

Våren 2016 vart utlånssystemet bytta til eBookBib. I samband med det vart det laga ein marknadsføringskampanje for e-bokutlån i samarbeid med eit reklamebyrå. Biblioteka fekk tilsendt bilde til bruk på nett, ferdig utforma Facebook-postar, plakatar og anna trykt materiale, samt eit jakkemerke. Vidare var det reklame på bibliotektransporten sine bilar, og kvart biblioteksamarbeid fekk ein roll-up som sirkulerte. Biblioteka gjennomførte kampanjen i dei to siste vekene før påske og materialet har sidan blitt nytta av biblioteka.

Konsortiet i Hordaland har tre eksemplar av kvar tittel som er innkjøpt av Kulturfondet. Innkjøpet av e-bøker vart difor ikkje så høgt som forventet, og det var midlar til abonnement på PressReader, som gir digital tilgang til over 6000 dagsferske aviser og tidsskrift på meir enn 60 ulike språk.

Tabell 8 i vedlegg 4 viser at e-bokutlånet i Hordaland utanom Bergen auka med 213% frå 2014 til 2017. Den felles e-boksamlinga har vore under oppbygging i heile perioden, og talet på lisensar auka med 162%. I 2017 utgjorde e-bokutlånet 4,62% av bokutlånet, og 3,76% av totalutlånet i Hordaland utan Bergen.

Spørjeundersøkinga frå november 2018

I spørjeundersøkinga er 63% er einig i at dei tilsette er blitt betre på aktiv digital formidling og innhaldsproduksjon

Måloppnåing

24 av 33 folkebibliotek i Hordaland har utvikla nettsider i samarbeid med fylkesbiblioteket. Av desse har 13 bibliotek Wordpress-sider, og vi førebur overgang til Wordpress for fleire bibliotek i Hordaland. I prosjektet har dei nye nettstadene blitt koplå til nettressursar for deling av innhald og delingsprinsipp som ein har brukt t.d. i Webløft-prosjektet i Buskerud.

Det er etablert eit konsortium for e-bøker for folkebiblioteka i fylket (utanom Bergen). Konsortiet består av ei felles teknisk utlånsløysing og ei felles samling av e-bøker, som er organisert og drifta av fylkesbiblioteket. Alle folkebiblioteka i fylket tilbyr no e-bøker, e-lydbøker og PressReader..

Vidareføring

Utvikling av nettstader, digital formidling og innhaldsproduksjon er del av det daglege arbeidet i eit moderne folkebibliotek. Mindre bibliotek har ikkje kompetanse eller tid til å ta ansvar for dette åleine. Erfaringa er at biblioteka mobiliserer mykje ressursar for å klargjera biblioteknettstadene sine fram mot lansering. Etter lansering ser vi at dei fleste biblioteka manglar kapasitet når det kjem til innhaldsproduksjon, og mange slit med å prioritere ressursar til å følgje opp.

Det er bygd kompetanse på fylkesbiblioteket, og digital formidling og innhaldsproduksjon er ei oppgåve som byggjer på samarbeid med folkebiblioteka og erfaringane frå prosjektet.

Utvikling av det digitale bibliotekrommet held fram i det toårige prosjektet *Kjelda*, som har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket. Eit av måla for prosjektet er å utvikle metodikk for korleis eit fylkesbibliotek kan bidra til at alle folkebiblioteka har aktuelle og oppdaterte nettsider med innhald av høg kvalitet

Delprosjekt 5: Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag.

Mål: Det utvida samfunnsoppdraget som er formulert i den nye formålsparagrafen til biblioteklova, gir behov for å profilere og formidle biblioteka si endra rolle. Brukarar og potensielle brukarar av bibliotektenester må bli meir medvitne på kva biblioteka kan tilby.

I prosjektet vil ein profilere tilboda slik at brukarane finn vegen til nye tilbod i bibliotekrommet. Merkevaren bibliotek skal profilerast gjennom heilskapleg profesjonell bruk av design, marknadsføring og mediekontakt.

Gjennomføring

I prosjektet har arbeidet vore retta mot kompetanseheving, utvikling av nettsider og bruk av Facebook/ sosiale media. Det har ikkje vore ressursar til å lage fylkesvise kampanjar for å profilere tilbodet i folkebiblioteka..

I samband med at ein tilsett på fylkesbiblioteket gjennomførte studiet «Sosiale media i offentlig sektor» (NTNU) i 2014, vart det laga ei vurdering av nokre av Facebook-sidene til biblioteka i fylket. Målet var å kartlegge kva sosiale media eignar seg særleg godt til i profilering og dialog med brukarane – og auke kompetansen til dei bibliotektilsette. Dette har vore grunnlag for innlegg på samlingar og regionale verkstader med teori og praksis for å utvikle ressursane vidare. I tillegg har mediehandtering og arbeid med å bli synlege i pressa vore eit tema på dei regionale verkstadene. Bibliotektilsette fekk hjelp til å utvikle eller opprette Facebook-sider. Alle biblioteka i Hordaland er no på Facebook og dei aller fleste er flinke til å nytte sidene aktivt i kommunikasjon med brukarane.

Arbeidet med kompetanseheving er gjort greie for under delprosjekt 2 og utvikling av profesjonelle og aktuelle nettsider er gjort greie for under delprosjekt 4.

Spørjeundersøkinga frå november 2017

I spørjeundersøkinga er 42 % einig eller svært einig i at biblioteket er blitt betre på å profilere seg gjennom bruk av design. 71% er einig eller svært einig i at biblioteket er blitt betre på å profilere seg gjennom marknadsføring. 69% er einig eller svært einig i at biblioteket er blitt betre på å profilere seg gjennom bruk av mediekontakt.

Når det gjeld å profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag, så er det stor ulikskap på kva område biblioteka opplever endringa. Dei er i stor grad blitt betre på å profilere seg gjennom marknadsføring og bruk av mediekontakt, men når det gjeld profilering gjennom bruk av design, er det eit mindretal som meiner det her har vore noko betring.

Måloppnåing

Kompetanse på å profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag er auka i prosjektet. Alle biblioteka i Hordaland er no på Facebook og dei aller fleste har fått opplæring i korleis dei kan nytte sidene aktivt i kommunikasjon med sine brukarar.

Profilering av folkebiblioteka sitt nye samfunnsoppdrag er etter kvart integrert i alle delprosjekt og tiltak, som i kontakt med media, på nettsider, i programarbeid og ved formidlingsaktivitetar. Den auka bruken av biblioteka avspeglar at denne måten å tenkje marknadsføring og profilering fører fram. Profilering gjennom bruk av marknadsføring og mediekontakt er opplevd som merkbart betre, medan opplevd betring i profilering gjennom bruk av design er mindre tilfredsstillande.

Vidareføring

Biblioteket sitt nye samfunnsoppdrag må profilerast betre for å få folk til å kome på arrangementa og for å spreie kunnskap om kva tenester biblioteket tilbyr.

Fylkesbiblioteket vil nytte erfaringane gjort i delprosjektet til å arbeide vidare med profilering, både av det nye samfunnsoppdraget og biblioteka som heilskap.

Vedlegg 1: Modellbibliotekprogrammet

År	Bibliotek	Prosjekt	Modell/vurdering	Opning
2014	Strila-biblioteket (Lindås og Meland)	Utvikle eit alternativ til hovudbibliotek-filialstruktur ved kommunesamanslåing. Betre kvaliteten på biblioteketilbodet i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek som utgjere eit heile og å utvide opningstida ved å gjere biblioteka meirope. Samlingane er aktualiserte. Interiørarkitekt: Hopstock Design	Utprøving av nye samarbeidsformer på tvers av kommunar ved å utvikle eit heilskapleg bibliotektilbod. To bibliotek blir ein heilskap med felles utnytting av samlingar og kompetanse.	14. 04.2016
2015	Granvin folkebibliotek	Utvikle biblioteket til eit fleirbruksrom og storstove. I prosessen vart biblioteket flytta til nye lokale, og er har blitt eit nytt kulturhus i kommunen. Samlinga er aktualisert, og biblioteket er meirope. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Det nye lokale har blitt ein møteplass og arena for kulturtilbod. Nye samarbeidsformer fyller huset med innhald. Prosjektet viser at ein relativ lita løyving kan setje i gang store prosessar.	17. 03.2016
2015	Sund folkebibliotek	Små lokale skal gjerast om til ei debatt- og kulturarena. Gjennom omfattande aktualisering og avtaler med Fjell folkeboksamling i nabokommunen, skal Sund gå frå å vere eit breidde-bibliotek til eit bruksbibliotek. Samlinga som står att skal aktivt formidlast. Fokuset er på inspirasjon og aktualitet. Samlinga er aktualisert og biblioteket er meirope. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Utprøving av nye formidlingsmetodar og aktiv formidling i bibliotekrommet. Utstrakt lånesamarbeid med nabokommunen reduserer behovet for eigne samlingar og gjer at eit relativt lite lokale kan utnyttast betre.	25. 11. 2015
2015	Bømlo filial	Filialen er eit kombinert skule- og folkebibliotek i ein relativ stor barne- og ungdomsskule. Ynskjet er å lage biblioteket til ein attraktiv møtestad for ungdom i bygda og at det skal bli meir tilgjengeleg ved å bli meirope. Samlinga er aktualisert. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Oppgradering av inventar har gjort biblioteket meir attraktivt og tilgjengeleg. Biblioteket har auka tilgjenge for folkebibliotekbrukarane frå 3 timar i veka til 105 timar.	30. 11.2016
2016	Eidfjord folkebibliotek	Biblioteket skal flyttast frå dårleg universelt tilrettelagde lokale i tredje etasje til første etasje i kommunehuset. Samordning med tenestetorget vil gje ei meir robust publikumsteneste. Tilrettelegging av lokalet vil gjere kommunen i stand til å oppfylle krava i biblioteklova. Samlinga skal aktualiserast. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Samordning med tenestetorg. Flytting av biblioteket blei vedtatt i formannskapet i des. 2016.	2018
2016	Fedje folkebibliotek	Tilrettelegge møteplassfunksjonen for barn og unge ved å fornye bibliotekrommet og samlinga. Samlinga	Etablering av attraktiv og god møteplass i barneavdelinga.	04.09.2017

		er aktualisert.		
2016	Fitjar folkebibliotek	<p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p> <p>Prøve ut ein modell for samordning med biblioteket i Fitjar vidaregåande skule. Samarbeidet vil føre til at kommunen nyttar ressursane betre, opningstidene vert utvida og samlingane meir aktuelle. Lokala vert tilpassa behovet til brukarane og vil gje plass til nye oppgåver. Samlinga er aktualisert. Folkebiblioteket er meirope.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	Unytting av kort avstand mellom biblioteka til å prøve nye samarbeidsformer mellom folkebibliotek og bibliotek på vidaregåande skule. Det er underskreve samarbeidsavtale om fordeling av ressursar.	13.02. 2017
2016	Os folkebibliotek	<p>Os folkebibliotek ynskjer å vere ein god og spennande møteplass for flest moglege brukargrupper. Dei ynskjer å satse på meirope, og vil difor innreie og skilte romma slik at publikum lett kan finne fram på eiga hand.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p> <p><i>Merknad:</i> <i>Os har berre fått støtte til interiørarkitekt</i></p>	Biblioteket har fått teikna interiørforslag, men har ikkje ressursar til å gjennomføre forslaga.	Ikkje planlagt nyopning
2017	Fusa	<p>Modernisering av bibliotek vil gjere det enklare for biblioteket å gjennomføre arrangement og gje innbyggjarane eit betre bibliotek både på kort og lang sikt. Samlinga er aktualisert.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	Ruste opp biblioteket og sikre framtida for biblioteket som ein veldriven filial i ein ny og større kommune frå 2020.	1.02. 2018 •
2017	Radøy	<p>Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek. Ynskje om ny og betre lokalisering i samband med at kommunen skal slå seg saman med Lindås og Meland og med det bli det tredje Strilabiblioteket.</p> <p><i>Merknad:</i> <i>Tiltaket ikkje igangsett grunna usikkert lokalisering.</i></p>	Vidare satsing på barn og unge med fokus på oppleving: rom for lesing, oppdaging: folkeverkstad og kulturarena: rom for kulturytringar og møtestad.	Opning ikkje klarlagt
2017	Samnanger	<p>Flytting av bibliotek og innreieing av nytt bibliotek på Bjørkheim, som skal vere universelt utforma og møte dagens krav til biblioteket som møtestad og kulturarena der folk ferdast. Samlinga er aktualisert og biblioteket vert meirope.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	Kommunen har vedteke å flytt biblioteket frå svært ueigna lokale på Tysse til nybygg på Bjørkheim. Biblioteket vil bli tilgjengeleg for nærliggande barnehagar, bufellesskap, kulturskule og skule.	17.08.2017
2017	Stord	<p>Søknaden inneheld to moment, meirope og større del av bibliotekarealet til ny ungdomsseksjon. Ei referansegruppe samansett av ungdom frå ungdomsskule og</p>	Stord folkebiblioteket har i lengre tid jobba med det meirope biblioteket, og er kome godt i gang med å førebu dette arbeidet.	2018

		<p>vidaregåande skule vert trekt inn i arbeidet.</p> <p>Interiørarkitekt: Mette Heimtun</p>	<p>Ungdomsavdelinga har lenge vore ei nedprioritert arena. Nærleik til vidaregåande skule har ikkje gjeve utslag i stor bruk av biblioteket. Ved å trekkje ungdom inn i arbeidet med opprustinga, ynskjer ein ei meir moderne og tiltalande formgjeving av avdelinga, i tillegg til større grad av permanente og ad hoc aktivitetar for ungdom.</p>	
2017	Tysnes	<p>Tysnes ynskjer å styrke biblioteket fagleg. Det er ynskje om å samordne skule- og folkebiblioteket og å innføre meirope bibliotek. Samlinga må aktualiserast.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	<p>Biblioteket ligg i Tysneshallen, som er mykje brukt av skular, lag og organisasjonar, likevel er utlån og bruken av biblioteket svært låg. Modernisering er naudsynt for å møte krava i biblioteklova. Med nyttilsett biblioteksjef i 80% stilling, er det trong for ekstra tett oppfølging frå fylkesbiblioteket.</p>	2018
2017	Austevoll	<p>Biblioteket er lokalisert i kjøpesenteret Bekkjårvik Torg. Lokale er gode, men alt for små. Etter initiativ frå sentereigar, er det høve til å få utvida lokale monaleg, noko som vil skape plass for biblioteket som ei aktiv kulturarena. Samlinga er aktualisert.</p> <p>Interiørarkitekt: Mette Heimtun</p> <p><i>Merknad: Austevoll har berre fått støtte til interiørarkitekt</i></p>	<p>Biblioteket i noverande lokale, er ikkje ein uavhengig møtestad og arena for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt. Huseigar stiller meir lokale til disposisjon og biblioteket treng hjelp med prosessen med å utvida lokala til ei meir formålstenleg arena. Kommunestyret handsamar sak om investering på 1,5 mill. kr. i desember 2017.</p>	24.03.2018

Vedlegg 2: Kompetanseheving

2014	Kurs/konferansar/verkstader	deltakarar
4. – 5. 06	Bibliotekdagar med hovudtema prosjekt « <i>Sterk, spenstig og klar</i> , Lindås	48
16.10	Nyttige nettressursar	15
November	3 verkstader om profilering på Facebook og mediehandtering, Ulvik, Leirvik og Bergen	22
2015		
07.01	Ferdigstilling av nettstader og opplæring i Wordpress (Os, Vaksdal, Voss), Bergen	6
16.01	Verkstad i profilering og dialog på Facebook, Knarvik	12
Februar	3 kursdagar med tema: Formidling for dei minste, Leirvik, Bergen, Norheimsund	52
13.03	Lesesirkel i bibliotek med erfaringsdeling, Bergen	22
14.04	Lyrikk takk!, Bergen. Teknisk arrangør av Norsk kulturråd, Nasjonalbiblioteket og Den norske Forfatterforening	17
3.-4.06	Bibliotekdagar med fleire foredrag om litteraturformidling, Sund: “Lesersørvis” (å formidle skjønnlitteratur ut frå appellfaktorar, som ein norsk versjon av “Readers advisory”), “Bokanbefalinger – litteraturformidling frå biblioteka sine nettstadar” og “Korleis gjere biblioteket til ein attraktiv formidlingsarena?”	61
September November	Samarbeid med Bergen Off. Bibliotek om kurs i 23 mobile ting, fire samlingar i Bergen med fokus på kva digital kompetanse ein skal ha i dag og korleis ein kan nytte digitale tenester i arbeidet i biblioteket.	60
September	Regionale samlingar om debatt, Nordhordland, Voss, Bergen med Framtida.no-redaktør Svein Olav Langåker	22
30.09	Seminar om bokdykk, Bergen	19
7.-8.10	Litteratursymposiet i Odda : 2-dagars kurs i bokdykk; intervjuetknikk og litteraturarrangement	20
2016		
8.02	Nytt utlånssystem for e-bøker	34
februar	2 kurs i arrangørkompetanse, Bergen og Leirvik Monica Helvig frå Nasjonalbiblioteket snakka om å arrangere, og Tomin Tollefsen frå Konsertsystemer hadde ein teoretisk-praktisk verkstad der deltakarane fekk øve seg på mikrofonbruk og å stille inn lydvolum.	38
16.03	Årets bøker for vaksne	41
9.05	Ny sakprosa, Bergen	10
12.-13.10	Litteratursymposiet i Odda: Seminaret “Ei hjelpande hand : Å miste seg sjølv, å hjelpe seg sjølv, å finne seg sjølv - litteratur som døropnar, vegvisar og fristad”. Innleiarane snakka om lesegrupper og “shared reading”, om å formidle litteratur, om litteratur som provokasjon og om den einsame guten i litteraturen.	30
2017		
Januar – desember	3 verkstadar om Lesarsørvis, Bergen, Odda, Bergen Off. Bibliotek Dei to første var dagsamlingar. Den siste, som var for tilsette på Bergen Off. Bibliotek gjekk over to dagar.	56
29. – 30.03	Kurs i to-språkleg forteljarteknikk	20
7.-8.06	Bibliotekdagane med evaluering av prosjekt <i>Sterk, spenstig og klar</i> .	40
11.-15.10	Litteratursymposiet i Odda Seminar om Lesarsørvis	20
6.12	Planklag dagsamling om praktisk samlingsutvikling på Os mått avlystast p.g.a. sjukdom. Kurset vert halde i mai 2018.	
	SUM	665

Vedlegg 3: Turnear organisert av fylkesbiblioteket

Type:

1. Utlyse program som blir organisert av utøvar i samarbeid med biblioteka
2. Utvikle/profusere arrangement i samarbeid med andre
3. Organisere turnear i samarbeid med Hordaland folkeakademi

Turnear	Arrange-ment	Utgifter dekt av:	Tal på framsyningar/publikum	Type
2014:				
Organisering av kulturprogram for barn. «Klovn Knut» la sjølv opp reisa.	11	biblioteka		1
Fylkesbiblioteket produserte framsyning til barn i høve fylkeskommunen si markering av Grunnlovsjubileet. Forteljar Merethe Gauden laga eit framsyninga «Leik og liv i 1814» for barn i småskulen. Det handla om barndom tidleg på 1800-talet, og korleis det er å vere barn i dag. Programmet fekk medieomtale i NRK og fleire lokalaviser.	Lagar turne 38 med over 2000 frammøtte	delt mellom kommunane, fylke og prosjektet		2
2015:				
I samband med deltaking i EØS-prosjekt vart det i 2014 laga ei utstilling om den polske poeten Wislawa Szymborska, som fekk Nobelprisen i litteratur i 1996.	8 bibliotek har hatt utstillinga	EØS-midlar, folkeakademiet, prosjektet		2
Friluftslivets år 2015. Fylket løyvde 50.000 kr kopla til fysisk aktivitet, natur-, kultur og litteraturopplevingar. Midlane blei nytta til:				
a) Turne med Samuel Massie for ungdom	8 med over 500 frammøtte	Fylkeskommunen, prosjektet		2
b) Støtte til tilskipingar i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar i kommunane.	14 i 9 kommunar	Fylkeskommunen, prosjektet, turlag, frivillige organisasjonar		2
Etter initiativ frå Kvam kommune og med støtte på kr 20.000 frå Folkeakademiet produserte fylkesbiblioteket ei utstilling og ei førestelling for ungdom i høve 150-årsjubileet for fødselen til forfattaren Hans E. Kinck. I samband med utstillinga, turnerte forteljaren Thomas Kinck på skular og i bibliotek med framsyninga "Ein mann som heitte Kinck" .	14 i 7 kommunar. Utstilling i 10 bibliotek	Folkeakademiet, biblioteka, fylkeskommunen, prosjektet		2
2016:				
Kofftedesignar Tone Loeng med programma: «Koffer og stadnamn», «Redesign» og «Koffer i tiden». Etablert samarbeid med Hordaland folkeakademi, som støtter reise og opphald for utøvarar i Hordaland. Det første samarbeidet var med Tone Loeng. Fylkesbiblioteket organiserte turne med program på 12 bibliotek og to kveldsarrangement på bokbåten.	Lagar turne 14, to av på bokbåten Epos.	Folkeakademiet, biblioteka, prosjektet		1 og 3

2017:				
Valgte det – forestilling om menneskehandel	Utsendt tilbud	Kvinnesaksforeningen	1	1
Smooth Operators: Den vonde bodbereren – Bob Dylan og 60-talet	Utsendt tilbud	Biblioteka, folkeakademiet	10/237	1
Adele Duus og Monika Solheim med framsyningane <i>Himmelspringaren</i> og <i>Farfars bombekrater</i>	Lagar turne	Biblioteka, prosjektet, folkeakademiet	17 / 1045	3
Turne med Klovnen Knut i samband med avslutning av Sommarles	Lagar turne	Biblioteka	15 / 1202	1
Utending av informasjon om fleire ulike forfattarar og andre kulturutøvarar som ønskjer turnear i Hordaland, og knyte kontakt mellom det enkelte folkebibliotek og dei ulike utøvarane.		Biblioteka		1
Foredrag, debatt og utstilling om klimaendringar. Turne i 2017 og 2018. Fylkesbiblioteket inviterte klimaforskar som heldt foredrag og ein debattleiar. Biblioteka skaffa deltakarar til panel og publikum. 17 kommunar vart med på turneen. 14 folkebibliotek arrangerer utstilling, foredrag og debatt med Kikke Kleiven, Lars-Henrik P. Michelsen, lokale politikarar og andre aktørar. 3 hadde berre utstillinga om klima. Biblioteka som deltar, har og fått magasinet 2°C, utgitt av Norsk klimastiftelse, til utdeling til lånarane.	17	Fylkeskommunen, Klimaplanen Nasjonalbiblioteket		2
2018				
Kristine Sjørdal: Om migrant-ruter, menneskeverd, murar og Middelhavet, vår yttergrense mot sør og aust	Lagar turne	Folkeakademiet, biblioteka	6/145	1
<i>Ferdaminne frå sumaren, ,</i>	Utsendt tilbud	Folkeakademiet, biblioteka		3
<i>Jon Fosse og Andvake-trilogien</i>	Utsendt tilbud	Folkeakademiet biblioteka		
<i>Marianne Stenerud: Fuglen og det store eventyregget, januar 2018</i>	Lagar turne	Folkeakademiet, biblioteka	5/357	3
<i>Programserie om psykisk helse etablert på biblioteka på Voss, Lindås og Fjell</i>	Tek del i styringsgr oppa for prosjektet	Helse Bergen Fylkeskommunen Biblioteka Mental helse	Varierende publikumstal, til dels stor deltaking	2
<i>Arnfinn Kolerud: Snillionen</i>	Lagar turne	Biblioteka	20 / kjem september/okt ober 2018	1
<i>Trond Magnum «BOK»stavig talt</i>	Lagar turne	Biblioteka Folkeakademiet Fylkeskommunen	22/ kjem i september 2018	1 og 3
<i>«Vestland» Erlend Nødtvedt og Erlend Apneseth</i>	Lagar turne	Biblioteka	3 / kjem oktober 2018	1
<i>Jul i gamle dager</i>	Lagar turne / utsendt tilbud	Folkeakademiet, biblioteka	Kjem hausten 2018	3

Vedlegg 4: Statistikk

Tabell 1: Arrangement - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket

	Lindås		Meland		Sund		Granvin		Resten (utan Bergen)	
	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne
2013	39		28		21		1		551	
2014	26		32		14		2		805	
2015	55		38		47		2		1172	
2016	86	3	22	25	54	14	8	-	830	185
2017	52	0	33	13	42	12	4	7	782	176
Endring	+33%	+33%	+18%	+64%	+100%	+157%	+300%		+42%	+74%

Tabell 2: Deltakarar på arrangement - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket

	Lindås		Meland		Sund		Granvin		Resten (utan Bergen)	
	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne	Eigne	Eksterne
2013	1020		427		1656		8		17192	
2014	669		499		798		100		20233	
2015	1350		655		2623		-		28406	
2016	1635	22	488	170	3847	442	250	-	22847	2538
2017	779	0	480	125	2604	214	161	50	22086	3717
Endring	-24%	-24%	+12%	+42%	+57%	+70%			+28%	+50%

Tabell 3: Arrangement og deltakarar på arrangement i folkebiblioteka i Hordaland utan Bergen


	Arrangement	Deltakarar
2013	640	20303
2014	879	22299
2015	1314	33034
2016	1000	29067
2017	913	26110
Endring	+ 43 %	+ 29 %

Tabell 4: Besøk - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket

	Lindås	Meland	Sund	Granvin	Resten (utan Bergen og Tysnes)
2014	55 291	8 460	21 980	1 045	685 082
2015	74 489	12 490	26 006	0	701 242
2016	53 903	13 021	30 004	1 450	743 992
2017	53 903*	13 021*	35 200	1 808	666 373
Endring	-3 %	+54 %	+60 %	+73 %	-3 %

* Systemet for teljing av besøkande fungerte ikkje i Lindås og Meland i 2017. Besøkstalet er difor stipulert til å ligge på same nivå som i 2016.

Figur 1: Besøk - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket




Tabell 5: Besøk i folkebiblioteka i Hordaland utan Bergen og Tysnes

	Besøk
2014	771 858
2015	818 227
2016	842 370
2017	771 163
Endring 2014 – 2017	- 0,1%
Endring 2014 – 2016	+ 9,1%
Endring 2016 – 2017	- 8,5%

Tabell 6: Papirbokbestand - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket

	Lindås	Meland	Sund	Granvin	Resten (utan Bergen og Tysnes)
2013	52 546	32 544	16 128	10 117	835 702
2014	49 760	31 612	15 457	10 356	821 781
2015	46 974	32 497	12 013	6 995	838 004
2016	49 670	30 935	10 319	6 558	809 944
2017	51 194	32 483	10 474	6 554	782 812
Endring	-3 %	0 %	-35 %	-35 %	-6 %

Figur 2: Bokbestand - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket



Tabell 7: Førstegangsutlån (papirbøker) - samanlikning mellom fire modellbibliotek og resten av fylket

	Lindås	Meland	Sund	Granvin	Resten (utan Bergen og Tysnes)
2013	30 375	17 518	22 016	1 376	471 639
2014	38 487	17 687	17 847	1 539	442 016
2015	34 804	18 006	15 853	566	466 796
2016	32 908	17 520	13 790	1 640	483 814
2017	33 026	20 015	14 747	1 445	461 484
Endring	+ 9 %	+ 14 %	- 33 %	+ 5 %	- 2 %

Tabell 8: E-bøker – utlån, titlar og lisensar i Hordaland utan Bergen

	Utlån	Titlar i samlinga	Lisensar i samlinga
2014	7 847		4 139
2015	10 339	1 811	7 468
2016	22 478	2 437	9 527
2017	24 578	3 080	10 848
Endring	+ 213%		+ 162%